

Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Norddal kommune

Vedtatt i Driftsutvalet 27.02.08.

Lovgrunnlaget for Skulefritidsordninga

§ 13-7, i opplæringslova

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet. Skulefritidsordninga skal ha vedtekter om

- a. eigarforhold
- b. kven som er opptaksmyndigheit
- c. opptakskriterium
- d. opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsklassen
- e. foreldrebetaling
- f. leike- og opphaldsareal
- g. dagleg opphaldstid og årleg opningstid
- h. bemanning og leing

Når skulefritidsordninga er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiar. Departementet kan gjere unntak frå kravet.

Kommunen kan krevje utgiftene til skulefritidsordninga dekte gjennom eigenbetaling.

Regelen i § 10-9 første og tredje ledd gjeld for tilsetjing i skulefritidsordninga.

Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om skulefritidsordning, dersom dei elles oppfyller vilkåra i denne paragrafen. Kommunen fører tilsyn med private skulefritidsordningar

1. Eigarforhold

Norrdal kommune eig og driv skulefritidsordninga i kommunen . Tilboda kan leggjast til skulane, barnehagane eller til ein kombinasjon mellom skule og barnehage.

SFO skal drivast i nært samarbeid med barn og foreldre. Ein skal fylgje krava i

Opplæringslova §13-7 med eventuelle forskrifter og fylgje retningslinene som er vedtekte av kommunestyret. Det er kommunestyret som i kvart enkelt tilfelle skal gjera vedtak om oppretting av ei ny SFO-ordning med eit nøyaktig kostnadsoverslag over kva kommunen sine utgifter er.

Dersom ei oppretta SFO ordning får under 8 barn, skal framhald av drifta leggjast fram for kommunestyret til handsaming dersom drifta ikkje kan oppretthaldast til sjølvkost.

2. Opptaksmynde

Rektor saman med stegleiar/ dagleg leiar føretek inntak. Driftsutvalet er klageinstans. Etter forvaltningslova § 29 er fristen for å klaga 3 veker frå det tidspunktet søkjaren mottok vedtaket.

Skulane sender søknadsskjema til alle familiar i aktuell alder for SFO påmelding.

Det skal nyttast eige søknadsskjema som skal sendast til den aktuelle skule.

3. Opptakskriterium

Så langt det er råd skal alle som søker få plass.

Dersom det er fleire søkerar enn SFO har plass til, vert inntaket prioritert etter fylgjande reglar:

- Barn med særlege behov skal takast inn framføre andre søkerar. Dette gjeld og elevar opp til 12 år med funksjonshemming.
 - Det er PPT som skal tilrå ekstra hjelp og støtte for barn med særlege behov.
- Yngre barn bør går føre eldre born, men ein skal prøve få til ei god spreing av alder.

4. Opptak og oppseiing

Hovudopptaket har søknadsfrist saman med barnehagane i kommunen. Tildelt plass gjeld for eit skuleår av gongen, slik at det må søkjast på nytt kvart år. Inntak undervegs i skuleåret kan tillatast dersom det ikkje utløyser auka bemanning og gjeld ut det skuleåret inntaket har funne stad.

SFO kan ta imot barn til korttidsopphald.

Dersom det er ledig kapasitet ved SFO ordninga er det høve til å kjøpe enkeltdagar eller timar. I slikt høve betaler foreldra ein nærare fastsett timepris.

Det er ein månads oppseiingstid. Oppseiinga skal vere skriftleg, innan 1. eller 15. i månaden. Skriftleg melding sendast til skulen.

5. Foreldrebetaling

Med bakgrunn i overståande lovtekst vert betalingsssatsane for foreldra/føresette fastsette av kommunestyret i den årlege budsjetthandsaminga eller som eige sak i kommunestyret.

Det skal betalast for 11 månader, fom. 1. august. Dette gjeld både tilbodet som fylgjer skuleruta og utvida tilbod.

Betaling skjer ved eit likt beløp fordelt over 11 månader med betalingsfri i juli måned.

Kommunestyret fastset betalingsssatsar og storleik på søskenmoderasjon. Betalingsssatsane gjeld til vanleg budsjettåret. Det vil sei at foreldrebetalinga endrast i løpet av skuleåret.

For mat, turar og liknande kan ein ta ekstrabetaling.

Manglande foreldrebetaling og/eller matpengar er grunnlag for utestenging til oppgjeret er i orden.

Barna må hentast før stengetid, dersom det ikkje blir gjort, kan det medfører ekstra rekning.

Foreldra betalar for antal timar dei har borna i SFO.

Minste opphald er 6 timar pr veke, kortare tid kan avtalast. Minste pris er opphald for 6 timar.

6. Leike og opphaldsareal

Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet, jf. Opplæringslova §13-7.

SFO nyttar den enkelte skule sine klasserom/opphaldsrom, ute - og nærområde.

Aralet skal godkjennast etter "Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule"

7. Dagleg opphaldstid og åreleg opningstid

Ut frå gjeldande behov kan den daglege opningstida leggst før og etter skulen sine undervisningstimar, slik at dei på skuledagane kan få samanhengande opphald. Normal opningstid er frå kl. 07.30 – kl. 16.30. Rektor har fullmakt til å endre opningstidene med inntil ein halv time før og etter normal opningstid.

Total opphaldstid for born på skule/SFO bør ikkje vere over 9 t pr dag og 42,5 t/v.

Opningstida kan anten følgje skuleåret eller det vanlege arbeidsåret. Det er talet på bindande påmeldte barn som avgjer opningstida.. For utvida opningstid (skuleferiar) bør det vere minst

8 barn. Dersom barnegruppa ikkje er stor nok til å halde opent, kan ein samarbeide med barnehagane i kommunen.

SFO har stengt 5 planleggingsdagar. I tillegg til desse dagane skal alle born ha minst 4 veker ferie og 3 av dei skal vere samanhengande.

Alle born skal ha minst 4 veker ferie og 3 av dei skal vere samanhengande.

8 Bemanning og leiing

Rektor er administrativ leiar for skulen si skulefritidsordning

SFOordningane bør ha daglege leiarar som skal ha relevant pedagogisk- og fagleg utdanning.

Den daglege leiaren skal saman med sitt personale drive SFOane i samsvar med § 13-7 i

Opplæringslova.

Bemanning:

0-16 barn: pedagog/dagleg leiar

16 -24 barn: pedagog/dagleg leiar + 1 assistent

Over 24 barn: pedagog/dagleg leiar + 2 assistentar

Når det er berre 1 vaksen tilstades saman med barna, skal det ligg føre ein alarmplan slik at folk kan tilkallast innan 5. min.

Driftsutvalet er politisk styringsinstans. Administrativt og fagleg er ordninga underlagt verksemdsleiar/rektor. Ved ein skule der SFO utgjer eiga eining, får rektor ein tidsressurs til føremålet etter nærare avtale. Lokal styringsorgan er FAU og SU ved skulen. Foreldre som har born ved SFO vel sin representant med vara til FAU ved skulen. Når SFO saker vert handsama i SU, blir SU supplert med dagleg leiar i SFO som møter med forslags- og uttalerett.

9. Ansvar

Kommunen og skulen har ansvaret for borna på SFO og på organiserte turar.

Kommunen teiknar kollektiv ulykkesforsikring for kvart barn som har plass i dei kommunale SFO.